

## DEBATT

## Administrasjon

## Skriket frå skyttergrava

Med ein hær av stråmenn rykker kontorsjefen ved Lesesenteret til forsvar for «administrasjonen». Men er det min tekst ho har lese før ho greip pennen?

Det er vanskeleg å kjenne seg att i framstillinga Karoline H. Høibo rissar opp av mine posisjonar og intensjonar i Aftenbladet laurdag 18. februar. Slik eg ser det bærer ho ved til eit bål som ikkje finst, etter som usemja mellom oss truleg er langt mindre enn det let til.

At eg vil «administrasjonen» til livs er til dømes ei fundamental mistyding. Med eit brennande ønske om å arbeide mykje med faglege oppgaver, er eg kritisk avhengig av effektiv og slagkraftig administrativ støtte. At eg vil «administrasjonen» til livs er dermed ei fundamental mistyding. «Administrasjonen» er ikkje ein gong nemnt i min gjestekommentar måndag 13. februar, etter som min uro har eit anna opphav.

Det eg uroar meg for er eit byråkratisk prosessvelde som veks raskare enn me har råd til. Fagstaben i universitets- og høgskolesektoren brukar stadig større ressursar på dokumentasjon knytt til kontroll, evaluering og oppfølging. Med meir av sikt blir det mindre tid til overs for direkte arbeid med undervisning og forskning. Her burde «administrasjonen» og eg være i same båt, etter som me alle er tent med mest muleg effektiv ressursbruk.

Det skjer for ofte at nye tiltak blir utgreidd, lagt fram og innført utan ei grundig vurdering av ressursbruk og kostnader ved tiltaket. Og altfor sjeldan ser ein framlegg om å fjerne eller forenkle prosedyrar som allereie er på plass. Dette trur eg kan ha å gjere med rikdommen i offentlig sektor.

No tyder mykje på at auken i offentlege utgifter ikkje kan halde fram. Oljeinntektene er på veg ned, og det same er avkastninga på Oljefondet. I tida som kjem, vil det bli fleire beinet. Mi overtyding er at merksemda i offentlig sektor difor vil bli vridd mot effektivitet og kostnadsdisiplin. Omstilling er eit mantra i økonomi og politikk no om dagen, og offentlig sektor vil neppe slippe unna. Om dette ser eg fram til eit utbytterikt samarbeid med Høibo og alle andre kollegaer ved Universitetet i Stavanger.

KLAUS MOHN

Professor, Handelshøgskolen ved UiS og NHH

## POLITIKK

## Er Noreg i ferd med og rotne på rot?

Aftenbladet har skrive om skandalesalet av Dale. Hundrevis av millionar er vorte bruka på unødige reiser og rådyre middagar. Styreleiar seier at ho ikkje kan finna noko feil gjort!

I Dagsnytt 18 får ein nyleg opplyst, at politikarar i fylkeskommunen har lønningar som ikkje heng på greip. Og fylkesordføraren i Rogaland ligg på topp, med løn større enn statsrådar. Er ei slik løn fortent, eller er jappetida enno ikkje over?

I Stavanger vert ein filippinar drepen i ei arbeidsulukke. Oljebransjen, styresmakter, faginstansar eller nokon bryr seg ein døyt. Er Noreg i ferd med og rotne på rot?

ANDREAS NESHEIM

Lye

## Leger Arbeidstidsordninger

## Spekter vil sørge for kompetanseutvikling

► Sykehusene vil selvsagt se til at legene får utviklet seg faglig, men på en annen måte enn det som er tariffestet i dag.

Det falt mange harde ord under Legeforeningens streik i høst. Tillitsvalgte er i sin fulle rett til å holde saken varm med ulike typer innlegg. For egen del har Spekter bevisst valgt å ta til orde for å se fremover, og jeg har ikke deltatt i offentlig diskusjon om streikens bakgrunn etter at den ble avsluttet.

## Uriktige opplysninger

Når foretakstillitsvalgt i Legeforeningen Alexander Seldal i Aftenbladet 20. februar fremfører uriktige påstander om Spekter og Spekters oppfatninger, ser jeg likevel behov for å opplyse om hva Spekter mener.

Seldal refererer oss feil når han sier Spekter vil nekte legene kompetanseutvikling. På spørsmål fra et av Rikslønnsnemndas medlemmer, opplyste Spekter at det er en sammenheng mellom tariffavtalens elementer. Deres arbeidstidsordningene ikke videreføres, kan ikke leger lenger være dagarbeidere med vaktjeneste. Da må vi ordne kompetanseutviklingen på en annen måte enn ved at overlegene har fire måneders permisjon med full lønn hvert femte år, og andre leger har fire timer satt av til faglig fordypning hver uke. Sykehusene vil selvsagt se til at legene får utviklet seg faglig, men på en annen måte enn det som er tariffestet i dag.

## Tilbudt partssamarbeid

Spekter har heller ikke sammenlignet legers arbeidstidsordninger med en gymnasiasts timeplan, slik Seldal hevder. Spekter kommenterte i nemnda at en omtalt arbeidsplan var like oversiktlig (viste poliklinikk, friuke og

seksjonstjeneste) som ukeplanen på videregående.

Spekter og sykehusene ser ikke på partssamarbeid som brysomt, slik Seldal hevder, snarere tvert imot. Vi har blant annet tilbudt Legeforeningen partssamarbeid for å sikre at legenes arbeidstider skal være innenfor Arbeidsmiljølovens regler. Det har Legeforeningen en rekke ganger takket nei til.

## Ønsker å berolige pasientene

Seldals forslag om at Spekter må byttes ut, får stå for hans egen regning,

men det er uvanlig i partsforhold å ha offentlige meninger om hvordan motparten organiserer seg. For egen del, begrenser jeg meg til å oppklare for leserne at Spekter og sykehusene vil sørge for solid kompetanseutvikling for legene, uansett hvilket resultat Rikslønnsnemnda kommer til. Vi vil også berolige pasienter, pårørende og ansatte med at vi alltid vil sikre forsvarlige arbeidstidsordninger for alle ansatte i sykehusene, uansett tariffavtale. Jeg håper oppriktig at vi nå kan se fremover og i fellesskap skape pasientens helsetjeneste.

ANNE-KARI BRATTEN

Administrerende direktør

i Arbeidsgiverforeningen Spekter



«Vi vil alltid vil sikre forsvarlige arbeidstidsordninger for alle ansatte i sykehusene, uansett tariffavtale», skriver Anne-Kari Bratten. Her fra legestreiken høsten 2016.

FOTO: JONAS HAARR FRIESTAD

## Målform

## Språket er viktig for identiteten vår

Nynorsk vann ved folkeavstemminga om skulemålet i Høle i Sandnes. Om det skulle bli avstemming om skulemålet i Orstad i Klepp, får me håpa at dei som bur i kretsen gjer eit like klokt val.

## Takka meg for språket

Då avstemmingsresultatet frå Høle kom, blei eg sittande og tenka tilbake om ei hending frå den tida eg var avismann i Telemark. Eg fekk besøk av ein mann på kontoret; ein telemarking som eg hadde hatt eit portrettintervju med til 70-årsdagen. Han ville takka meg for språket eg hadde brukt i intervjuet.

70-åringen hadde gjennom heile livet tent samfunnet med hardt kroppsarbeid og som god familiemann. Etter sju års folkeskule, hadde han nesten ikkje brukt skriftspråk. Språk og spørsmålet om bokmål eller nynorsk, hadde aldri opptatt han. Men munnleg hadde han eit levande og godt mål.

Ved portrettintervju har eg alltid vore opptatt av å bruka språket til å formidla eit best muleg «bilete» av personen. Det er særleg viktig og «effektivt», når det er ein person som er flink til å ordlegga seg.

Til jubileet hadde 70-åringen også blitt intervjuet i byavisa Varden, på bokmål. Etter å ha lese begge inter-

vju, hadde han gjort seg tankar om språket i dei. Difor kom han til meg for å takka.

## Var liksom ikkje meg

Han understreka at han også syns intervjuet i Varden var godt. «Men», sa han, «Då eg fekk gjenfortalt det eg hadde sagt, var det liksom ikkje meg. «Jeg», «ikke» og dette bymålet passa ikkje. Men i ditt intervju gjenfortalde du det omtrent som eg sa det.» Besøket til telemarking lærde meg ennå meir om kor viktig språket er for identiteten vår.

HARALD SEL

Bryne

## Debattinnlegg

sendes til debatt@aftenbladet.no  
Kommentar: inntil 5000 tegn. Legg ved portrettfoto.  
Hovedinnlegg: ca. 3500 tegn.

Underinnlegg: ca. 1700 tegn.  
Kortinnlegg: 700-1100 tegn.  
Alle lengder er inkludert ordmellomrom.

## Kronikk

sendes til kronikk@aftenbladet.no  
Lengde inntil 5500 tegn inkl. ordmellomrom.  
Foto av forfatter legges ved.